




Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell



## Villreinutvalet for Nordfjella

Vår dato:

19.01.2026

Vår ref:

2024/13545

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Høyringsuttale  
Saksnummer 7535

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hermund Mjelstad, 5764 3124  
Harald Skjerdal, 47874374

### Begrensa høyring - tilleggsutredninger - revisjonsdokumentet - Aurlandsvassdraget - landbru for villrein og produksjonsgrunnlaget for laks og sjørret i Vassbygdelvi

*Felles høyringsuttale frå Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, og Villreinutvalet for Nordfjella.*

Villreinnemnda viser til utsendt tilleggsutredning 26.11.2025 for avgrensa høyring. Villreinnemnda viser til vår felles uttale med villreinutvalet for Nordfjella 13.09.2024, ref. 2024/13545.

Nemnda og utval hadde då denne oppmodinga: **«Villreinnemnda og villreinutvalet vil med dette sterkt oppfordre NVE til å setje krav i vilkårsrevisjonen til regulanten om å etablere ein landbru/fylling ved Nyhellermagasinet».**

Tida som har gått etter denne felles uttalen viser at dette moglege tiltaket framleis er eit høgst aktuelt tiltak. Tiltaksplanen for Nordfjella villreinområde er ferdig utarbeidd og vil kome på høyring mest truleg i løpet av 2026, i etterkant av eit vedtak om oppstart av reetablering av villrein i sone 1 i Nordfjella. Eit vilkår om å starte utprøving av landbru/fylling ved Kongshellersundet i Nyhellermagasinet bør derfor avgjerast snarast mogleg.

E-postadresse:  
[sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)  
Sikker melding:  
[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:  
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen  
114, 5745 Aurland  
Tlf. 97526883  
E-post:  
[trygve.skjerdal@privat.alb.no](mailto:trygve.skjerdal@privat.alb.no)

Sakshandsamar:  
Hermund Mjelstad  
Tlf. 57643124  
[fmsfhm@statsforvalteren.no](mailto:fmsfhm@statsforvalteren.no)



Utredninga frå NaturRestaurering AS skildrar dei ulike tema på ein god måte. Det er likevel nokre punkt som villreinnemnd og -utval vil peike på som ikkje er i tråd med vår kunnskap om området. Det er i dag lite ferdsle ved Kongshellersundet, slik at frykta for at det skal bli stor menneskeleg aktivitet på ein landbru som kan hindre reinen å trekke over her, er overdrive. Det vil sjølvstundt vere noko aktivitet t.d. av lokale grunneigarar, fiskarar og saueeigarar, men ikkje dei store mengdene, og neppe meir enn det som villreinen normalt sett toler.

Hafslund Kraft AS nemner i sin merknad til rapporten frå NaturRestaurering AS fleire ulike faktorar som dei meiner har like stor, eller større, negativ innverknad for villreinen enn vassdragsreguleringa. Her vil me peika på at alt dette er tilhøve som vert vurderte i tiltaksplanen for Nordfjella, uavhengig av kva vedtak som vert gjort i samband med konsesjonsrevisjonen. Fleire aktørar vil måtte bidra på kvar sine område for å betra tilhøva for villreinen. Ein kjem likevel ikkje bort frå at oppdemminga av Nyhellermagasinet har hatt svært store konsekvensar for villreinstamma, og at det vil vera rimeleg å krevja avbøtande tiltak.

Det er gjenteke fleire gonger at det aktuelle området ved Vampen/Kongshellersundet er eit av dei beste områda i heile Nordfjella der vi ventar at eit slikt rehabiliteringstiltak som ei landbru er, vil kunne lukkast. Grunnen til dette er at Nyhellermagasinet og områda rundt ligg i eit av dei mest brukte beite- og trekkområda i Nordfjella og har vore det gjennom uminnelege tider. Ikkje minst viser dette att i dei mange fangstanlegga/dyregravene her.

Vi meiner det ikkje er nokon god løysing, som NaturRestaurering AS foreslår, å flytte Kongshellerhytta nærmare Vampen for å frigjere trekkareal mellom Kongshellervatnet og Langavatnet. Det ein oppnår med dette er å stenge heilt for framtidig bruk av Vampen-området som trekkområde. Dette alternativet bør derfor skrinleggjast.

Observasjonar på 1990-talet (t.d. i 1996) viser at reinen raskt tek opp att trekkmønsteret ved låg vasstand. Dette er avhengig av at dyra kjenner til kor det er mogleg å trekke. Dei åra dette skjedde, nytta flokkane mykje av områda sørover mot Råsdalane og Geiteryggen, går det fram av villreinutvalet sine oppsynsrapportar. Ved reetablering av villrein frå sone 2 til sone 1 vil det venteleg gå lengre tid før dyra igjen tek opp att dei gamle trekkvegane. All erfaring viser at sjølv om nye dyr ikkje kjenner dei gamle trekkvegane, så vil dei etter ei tid finne attende til dei same plassane og trekkpassasjane som før.

Hafslund Kraft AS har i sin merknad til tilleggsutredninga vist til at vatnet er islagt og farbart «halve året». Dette er sikkert riktig enkelte år. Men i andre år vil isen vere oppsprukken langs land og ikkje vere farbar for rein, og det kan vere fare for at dyr går seg fast/ned i sprekkane. Ein trekkpassasje som kanskje kan nyttast nokre vintrar og andre vintrar ikkje, vil ikkje vere eit godt alternativ for reinen. Dyra vil då måtte velje alternative trekkruiter, eventuelt ikkje trekke sørover/vestover i det heile.

Det er i dag ikkje villrein i denne delen av Nordfjella. Vi vil derfor på det sterkaste rå til at det blir teke ei avgjerd av NVE i denne saka så raskt som råd. For regulanten vil det kunne vere kostnadseffektivt å nytte maskiner og utstyr som, så vidt vi kjenner til, er i arbeid ved Nyhelleren óg i 2026 sesongen. Slik kan mest mogleg bli lagt til rette for ei vellukka reetablering av villrein frå sone 2 til sone 1.



Med helsing

Trygve Skjerdal  
leiar villreinnemnda

Hermund Mjelstad  
sekretær

Sigurd Vikesland  
leiar villreinutvalet

Harald Skjerdal  
sekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Aurland kommune  
Miljødirektoratet

Vangen 1  
Postboks 5672 Torgarden

5745  
7485

AURLAND  
TRONDHEIM